



# Vurdering for utvikling

## Rapport

# Eivindvik skule

*Tema: Elevmedverknad*



*Veke nr. 5 (27.-29.1.) 2020*

*Åsmund Berthelsen  
Vurderar*

*Anne Erstad  
Vurderar*

## Innhald

<b>1. Føreord</b> .....	3
<b>2. Oppsummering</b> .....	4
<b>3. Fakta om skulen og val av vurderingstema</b> .....	4
<b>4. Frå vurdering til endring av praksis</b> .....	5
<b>5. Framtidsbilete</b> .....	7
<b>6. Vurderingar</b> .....	8
<b>Kvalitetsmål:</b> Elevane erfarer at dei blir lytta til i skulekvardagen, har reell innverknad - og at dei kan påverke det som vedkjem dei .....	8
<b>Kvalitetsmål:</b> Lærarane fremjar kommunikasjon og samarbeid som gir elevane mot og tryggleik til å ytre eigne meningar og til å seie ifrå på vegner av andre. Lærarane motiverer alle elevar til å bli deltagande menneske i skule og samfunn! .....	9
<b>Kvalitetsmål:</b> Foreldra får naudsynt informasjon og får høve til å påverke skulekvardagen til barna sine .....	11
<b>Kvalitetsmål:</b> Skulen er ein lærande organisasjon som har evne til å utvikle, endre og forbetre eigen praksis .....	12
<b>7. Spørsmål til refleksjon</b> .....	14
<b>8. Vidare arbeid</b> .....	15
<b>Vedlegg:</b> .....	16
Deltakarar i vurderinga.....	16
Tidsbruk .....	16
Metodar.....	17
Samtaleguidar og skjema .....	17

## 1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

*«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».*

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

*"Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen."*

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye øye. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skulane og barnehagane i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilet av kvaliteten på skulen, men skal vere eit bidrag til kva skulen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad:  
[www.hafs.no](http://www.hafs.no) om lag ein månad etter vurderinga.

Januar 2020

Gøril Fristad

Utviklingsleiari for barnehage og skule,  
Oppvekst og utdanning i HAFS  
Mobil: 92641210  
E-post: [goril.fristad@fjaler.kommune.no](mailto:goril.fristad@fjaler.kommune.no)

## 2. Oppsummering

Skulen har arbeidd mykje og systematisk med kva elevmedverknad vil seie i praksis og har eit godt grunnlag for det vidare utviklingsarbeidet som dei bør knyte opp mot arbeidet med nye læreplanar, både overordna del og fagplanane. Skulen nærmar seg ei felles forståing av kva elevmedverknad er i praksis, og elevane har også ei oppfatning av kva det vil seie.

Vi har sett og hørt om gode døme på elevmedverknad, både i undervisninga/læringsarbeidet, og i det å få viktige ting til, som fotballbane og uteområde elles (Haugen). Trivselsagentane er døme på elevmedverknad for eit godt skolemiljø.

Skulen har arbeidd systematisk med elevundersøkinga og drøfta den med elevane frå 7.-10.klasse. Foreldra har også vorte orientert om resultatet av undersøkinga. Den eksterne vurderinga er ein del av arbeidet med å følgje opp elevundersøkinga.

Arbeidet i elevrådet har vorte betre og elevane tek også opp saker sjølv. Elevrådet har no ein møteplan og ei forslagskasse. Ein lærar har ansvaret for å følgje opp elevrådet.

Både skulen og elevrådet har ei utfordring med å gje tilbakemeldingar. Elevrådsrepresentantane til klassane og skulen både til elevane og foreldra i saker som dei tek opp.

## 3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

Eivindvik skule er ein 1-10 skule, med 76 elevar i dette skuleåret. Elevane er delt inn i 5 klassar. I tildeling av ressursar blir 1., 7. og 10. trinn prioriterte. Skulen har ei grunnramme på ca. 11 lærarstillingar, men har noko meir både av lærar- og assistentressurs grunna spesialpedagogiske tiltak.

Undervisningspersonalet er organisert i tre team, som underviser på kvar sitt steg, småskule, mellomsteg og ungdomssteg, med unntak av nokre få faglærarar. Personalet har høg kompetanse.

Den nyaste delen av skulebygget (byggjeår 1997) er kontoravdeling, mens klasseromma til barneskulen er i den eldste delen frå 1955. Midtbygget med ungdomssteg og spesialrom er frå 1974. For få år sidan var det ein stor investering i vedlikehald og heile bygget er no i mykje betre stand. I 2019 fekk ein kunstgrasbane som gjer reinhald lettare og inneklima betre. Ei elevgruppe bruker no valfaget til å innrei eit tidlegare bomberom til sosialt rom. Det er enno ingen planar for det gamle bassenget. Elevane må reise til Solund for symjeundervisninga.

Elevmedverknad vart teke opp som tema mellom anna på grunnlag av resultata i elevundersøkinga. Dei offisielle tala frå skuleporten manglar data for nokre år, grunna få elevar. Likevel er det ein nedgang både på mellomtrinn og ungdomstrinn. Det gjeld elevmedverknad, men også andre indikatorar som er relatert som motivasjon, fagleg utfordringar, støtte frå lærar og læringskultur. Skulen har gjort eit grundig arbeid med å definere elevdemokrati og medverknad og også involvert foreldra i arbeidet gjennom FAU.

I omgrepet elevmedverknad bygger ein på det Utdanningsdirektoratet skriv i prinsipp for opplæringa. Elevmedverknad er deltaking i avgjelder som gjeld læring, både for kvar einskild og for gruppa. Elevane skal kunne delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa innanfor ramma av lov og forskrift, medrekna læreplanverket. Elevmedverknad føreset kjennskap til ulike valalternativ og moglege konsekvensar av dei. Medverknad og deltaking i demokratiske prosessar blir endå meir sentralt i skulen gjennom fagfornyinga.

Dette dokumentet er brukt som grunnlag for å utarbeide kvalitetsmål i framtidsbildet. Det blir vist til at elevmedverknad gjeld opplæring i og praktisering av demokratiske prinsipp i avgjerd som gjeld skulesamfunnet, men også deltaking frå elevane og aktivisering av elevane i deira eiga læring. Undervisninga må legge til rette for det, skape ein læringskultur og bidra til motivasjon og meistring gjennom tilpassing av opplæringa i dialog med elevane. Framtidsbildet er utvikla i dialog mellom lærarane og vurderarane.

## 4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern skulevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen med å vurdera og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til elevane. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til skulen for å observera og snakka med elevane, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nyttta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla.

Metodikken vert nyttta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i skulen sin ståstad og handlar om element som vil gje dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.


Ekstern skulevurdering består av fem trinn:

1. Velja område for vurdering
2. Lage framtidssbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til skulen



Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det skulen sitt ansvar.

Meir om ekstern skulevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#).



## 5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, læreplanen eller skulen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen, og til slutt godkjende av skulen.

### Framtidsbilete for elevmedverknad Eivindvik skule

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<b>Elevane:</b> A. erfarer at dei blir lytta til i skulekvardagen B. har reell innverknad - og at dei kan påverke det som vedkjem dei.	1. Elevrådet jobbar med eigne initiativ og saker som vert fremja for rådet. 2. Elevane er med på å lage klasseregler og andre reglar som gjeld deira skulekvardag. T.d.. timeplanen 3. Elevane delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa. 4. Skulen legg til rette for at elevar deltek i avgjerder som gjeld læring.
<b>Lærarane:</b> A. fremjar kommunikasjon og samarbeid som gir elevane mot og tryggleik til å ytre eigne meningar og til å seie ifrå på vegner av andre. B. motiverer alle elevar til å bli deltagande menneske i skule og samfunn!	1. Det vert lagt til rette for at elevane har reell medverknad i undervisninga. 2. Elevmedverknad er eit fast punkt i planlegging av undervisninga. 3. Innspel og forslag frå elevane vert tekne på alvor og vert følgde opp. 4. Klassane får tid til å drøfte og ta opp saker som opptek dei.
<b>Foreldra og føresette:</b> A. får naudsynt informasjon og får høve til å påverke skulekvardagen til barna sine.	1. Foreldra og skulen kommuniserer/har ein god dialog slik at foreldre/føresette får høve til å kome med innspel som gjeld deira eigne born eller grupper av elevar. 2. Foreldra vert informerte om gjennomføringa av elevundersøkinga og er med på å drøfte og følgje opp resultata. 3. Foreldra påverkar skulekvardagen gjennom dei kanalane dei har: klasseforeldremøte - FAU – SU. osv. 4. Skulen lyttar til enkeltforeldre og gi dei høve til å medverke.
<b>Organisasjonen:</b> A. er ein lærande organisasjon som har evne til å utvikle, endre og forbetre eigen praksis.	1. På skulen er det ei felles oppfatning av kva elevmedverknad vil seie i praksis. 2. Det er lagt til rette for refleksjon over praksis, og vedtekne endringar vert følgde opp. 3. Skulen følgjer systematisk opp resultatet av elevundersøkinga. 4. Ungdomsrådet i kommunen og Elevrådet kommuniserer godt og begge ráda lagar tidleg eigen møteplan for året.

## 6.Vurderingar

**Kvalitetsmål:** Elevane [erfarer](#) at dei blir lytta til i skulekvardagen, har reell innverknad - og at dei kan [påverke](#) det som vedkjem dei

### *1. Elevrådet jobbar med eigne initiativ og saker som vert fremja for rådet*

#### ***God praksis:***

Elevane gir uttrykk for at dei kjenner til elevrådet og kva type saker dei jobbar med. Dei har også forståing for at dei ikkje alltid kan få bestemme, at skulen må prioritere. Viktige saker dei nemnar er fotballbana, som er ferdig og leikeplassen som skal byggjast. Skolemiljøet er bra. Mange kjenner også til postkassa der dei kan melde inn saker. Andre saker som er nemnd er trivselsagentane, vatndispensar, kantina.

Kontaktlærar for elevrådet meldar om god aktivitet i elevrådet, det kjem mange saker. Inntil vidare er det kontaktlæraren som skriv referatet. Elevrådet har fått opp postkassa og referat heng på tavla

#### ***Praksis som kan bli betre:***

Elevane saknar tilbakemelding frå møta, både frå representantane sine, men også respons frå skulen. Dei gir uttrykk for at skulen gjer endringar utan å spørje elevane. Elevane ønskjer ikkje å rikke på tradisjonane. Det varierer når og kor mykje tid (kontakt)lærar bruker å diskutere saker og gi tilbakemelding. Kommunikasjonsflyt kan bli betre før møta (innkalling, sakliste) og etter møta (referat, svar). Elevrådsarbeid er opplæring i demokrati, frå val av representant til sakførebuing og møtedeltaking og tilbake til klassane.

Elevrådslærar støttar elevane i at dei får lite tid i klassane til dette arbeidet.

### *2. Elevane er med på å lage klasseregler og andre reglar som gjeld deira skulekvardag*

#### ***God praksis:***

Det finst fellesreglar som gjeld heile skulen. Dei fleste har vore med på å lage eigne klasseregler. Elevane kjem med framlegg og den kan bli avrøysting. Dialog med læraren: ein liten klasse veit at dei skal rekke opp handa, derfor må dei lage andre reglar. Nokon har fått endra reglane midt i skuleåret i ein demokratisk prosess.

Det er ikkje eigne reglar for uteområdet, ikkje behov for det. Ut over det nemner elevane nokre døme på at dei får velje aktivitetar i gym og fysak, og mat i mat og helse.

#### ***Praksis som kan bli betre:***

Ikkje alle melder tilbake at dei har vore med å lage klasseregler. Her må ein finne ein felles praksis, ha det som ein rutine ved skulestart, fordi reglane er med på å skape eit godt klassemiljø. Ein bør vurdere kor mange reglar det skal vere, for at ein skal kunne leve opp til dei. Ein må vurdere om at reglane helst har ei positiv formulering.

Det er ulik praksis ved val av elevrådsrepresentantar, valet bør skje demokratisk. Det kan vere ein fordel med kontinuitet når ein har engasjerte elevar.

3. *Elevane deltek i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa*
4. *Skulen legg til rette for at elevar deltek i avgjerder som gjeld læring*

***God praksis:***

Elevane seier at dei er lite inne i planlegging av undervisninga, men dei kan påverke undervegs. Dei får nokre val om arbeidsmåtar: individuelt eller i små grupper – korleis ei oppgåve skal løysast - kva oppgåver dei skal gjere- tavleundervisning eller jobbe i boka. Dei kan få lov til å høyre på musikk. Dei kan få utsett ei prøve eller innlevering.

Lærarane snakkar om korleis elevane lærar, men helst på klassenivå.

Elevane tek opp leksene, og kan få endra mengd. Dei får tilbakemelding på leksene som regel ganske fort, også når det gjeld prøver. Dei kan få både tilbakemelding og framovermelding på prøver. Dei får raske munnlege tilbakemeldingar i timane. Vi har også sett korleis vaksne reagerer adekvat på behov hos elevane som ikkje er verbalt uttrykt.

***Praksis som kan bli betre:***

Elevane fortel om varierande praksis. Dei ber om variasjon i undervisninga, men får ikkje det alltid. Dialogen om læring skjer i hovudsak med kontaktlærar, mindre med faglærar. På vekeplanane står leksene og kva ein arbeider med i timane, ikkje mål for undervisninga. Elevane melder lite om eigenvurdering i motsetnad til lærarane.

Elevane må bli meir medvitne om kva læring er, no seier dei at dei har lært når dei får ein god karakter, få rett på prøva, i Kahoot. Dei må få eit mål og kriterie for kva dei skal lære for å kunne vurdere seg sjølve.

**Kvalitetsmål:** Lærarane fremjar kommunikasjon og samarbeid som gir elevane mot og tryggleik til å ytre eigne meningar og til å seie ifrå på vegner av andre. Lærarane motiverer alle elevar til å bli deltagande menneske i skule og samfunn!

1. Det vert lagt til rette for at elevane har reell medverknad i undervisninga

***God praksis:***

Lærarane gir døme på god praksis:

- Elevar som underviser får tema å førebu, underviser partner.
- Munnleg evaluering av undervisning undervegs i klassen. Dette brukast til å planlegge vidare arbeid.
- Vi bruker eigenvurderingsskjema i forbindelse med prøver.
- Vi er opne for tilbakemeldingar frå elevane, og tek det på alvor.

- Dersom ikkje diverse opplegg fungerer blant elevane, så undersøker vi korleis vi kan gjere det betre neste gong.

**Praksis som kan bli betre:**

Ifølgje elevane er denne praksisen avhengig av kva lærar dei har og i kva fag. Elevane må kjenne til målet for undervisninga, og erfare korleis og kvifor dei lærer. Produktet er ikkje det viktigaste men prosessen fram til resultatet. Arbeidet i faggruppene kan føre til ein meir systematisk og felles praksis.

*2. Elevmedverknad er eit fast punkt i planlegging av undervisninga*

**God praksis:**

Lærarane meiner at ein del faste rutinar inkluderer elevmedverknad: start på dagen, bokstavprogram, lesebestilling. Rutinar bidrar til at elevane lærer og forstår. Elevane får delta i diverse val av undertema. Altså, kva dei ynskjer å fokusere på.

**Praksis som kan bli betre:**

Lærarane seier: Vi har ikkje noko bevisst rutine på planlegge elevmedverknad, annet enn at vi ynskjer at dei skal medverke med eigne eksempel, og tankar. Bruk av læringsstrategiar på tvers av trinn og fag kan gi elevane verktøy til å kunne vurdere eiga læring

*3. Innspel og forslag frå elevane vert tekne på alvor og følgde opp*

*4. Klassane får tid til å drøfte og ta opp saker som opptek dei*

**God praksis:**

Ja, elevane er aktive med å ta opp saker. Det er spesielt saker som har med trivsel og sosialt samspel å gjøre. Dei tar opp faglege saker, som heimearbeid (mengde og type).

Med tanke på å følgje opp saker, så snakkar lærarane med elevane undervegs og hører gjerne med heimen korleis tiltak fungerer.

Vi har morgonsamling på 1.-4.trinn, og eit slags måndags-morgonmøte på mellomsteg/ungdomssteg. Elles har vi ikkje faste rutinar, men vi følgjer med og lar klassane få tid dersom det treng.

**Praksis som kan bli betre:**

Lærarane seier:

- Må bli betre på tilbakemelding - vurdert å sette frist - også tilbakemelding frå rektor.
- Aktivitetsgraden er varierande. Viss dei tar opp ting er det ofte trivselsretta tiltak. Prøver å gje tilbakemelding, kan bli litt tilfeldig.
- I for liten grad. Det er eit mål at me skal timeplanfeste faste møtepunkt for elevane
- Må bli betre. Litt tilfeldig. Må ha klare reglar på korleis det skal veljast. Ser ut til å vere ulik praksis.

Skulen bør lage ein rutine for arbeidet med elevrådssaker. Det er viktig for skulen å ha rutinar på korleis saksgangen i eit utval er: frå sakliste som skal drøftast på klassane til møte og referat som gir tilbakemelding til klassane.

Elevane må få høve til å jobbe med sakene. Elevane må kunne ta saker vidare frå elevråd til samarbeidsutval og skulemiljøutval. Då må dei få støtte til å forstå dei andre sakene som skal drøftast i dei organa.

**Kvalitetsmål:** Foreldra får naudsynt informasjon og får høve til å påverke skulekvardagen til barna sine

1. *Foreldra og skulen kommuniserer/har ein god dialog slik at foreldre/føresette får høve til å kome med innspel som gjeld deira eigne born eller grupper av elevar*

**God praksis:**

Foreldra meiner at dei kommuniserer bra med skulen og at dialogen generelt er god. Dei har samarbeidsmøte, og det vert utveksla informasjon i fleire kanalar som SMS, telefon og VISMA. Foreldra seier at dei også respekterer at lærarane ikkje kan vere tilgjengelege heile døgnet. Foreldra opplever at lærarane og skulen er lydhøyre for innspel, og at dei vert ivareteke på ein god måte. Saman finn dei, og prøver ut løysingar.

**Praksis som kan bli betre:**

Foreldra seier at alle vekeplanane bør vere tilgjengelege på heimesida til skulen. På den måten kan dei følgje meir med på kva som skjer på skulen og i klassa. Det kom på foreldremøte også forslag om ei gruppe på Facebook der det vart orientert om kva som har vore gjort på skulen og i klassa. For det er ikkje alle elevane som fortel så mykje heime.

2. *Foreldra vert informerte om gjennomføringa av elevundersøkinga og er med på å drøfte og følgje opp resultata*

**God praksis:**

Foreldra opplyser at dei har fått informasjon om resultatet av elevundersøkinga og korleis skulen kom ut i høve landssnitt, og vidare kva skulen tenkte å gripe fatt i. Saka har vore oppe i FAU.

**Praksis som kan bli betre:**

Foreldra seier at dei etter informasjon på eit heim-skulemøte ikkje har fått vore med på å drøfte resultatet, og at dei ikkje er orientert om oppfølginga.

3. *Foreldra påverkar skulekvardagen gjennom dei kanalane dei har (klasseforeldremøte - FAU – SU. osv.)*

### ***God praksis:***

Foreldre seier at dei vert informert om læringsarbeidet gjennom leksene og vekeplanane. Det er også tema på klasseforeldremøte og andre samarbeidsmøte. Elevsamtalane medverkar også til innsikt i læringsarbeidet. Vidare ligg det informasjon på heimesida. Alle klassar har arbeidsplanar med informasjon om kva borna jobbar med. Foreldra seier dei vert involverte i arbeidet med klasse- og skulemiljø gjennom klasseforeldremøte og samtalar med elevane heime.

### ***Praksis som kan bli betre:***

På foreldremøte kjem det fram at informasjonen kunne ha vore betre, t.d. unngå papirlappar i sekken og heller bruke SMS, e-post og andre gode digitale kanalar. Det vert også nemnt at det ofte manglar evaluering i nokre fag til utviklingssamtalane.

Foreldra meiner det er lite møte i FAU og SU og at referat og innkalling burde ha vore på heimesida eller delt med alle foreldre på anna vis. Innkallingsfristen er for kort. Foreldra seier dei veit lite om SU.

### ***4. Skulen lyttar til enkeltforeldre og gir dei høve til å medverke***

### ***God praksis:***

Foreldra nemner døme på at det er teke omsyn til dei som enkeltforeldre, mellom anna at innspel om for mykje lekser vart teke omsyn til. Foreldra er inviterte til å kome på besøk og vere med i undervisninga.

### ***Praksis som kan bli betre:***

Det vart også nemnt døme på at innspel ikkje vert teke omsyn til. Det vert nemnt at det er teke opp at SFO ikkje fungerer godt nok i feriar. På vanlege dagar fungerer SFO bra, meiner foreldra. Foreldra nemner at det kan vere lite nytt på foreldremøta, men at det er mogleg å kome med ting på desse møta. Dei spela inn at det kanskje burde ha vore eit foreldreråd før sjølve foreldremøte. Foreldra opplever at det kan vere vanskeleg å endre på tradisjonsarrangement, at dei t.d. startar for seint. Foreldra seier at ikkje er flinke nok til å nytte seg av tilbodet om å vere med i undervisninga.

**Kvalitetsmål:** [Skulen er ein lærande organisasjon som har evne til å utvikle, endre og forbetre eigen praksis](#)

### ***1. På skulen er det ei felles oppfatning av kva elevmedverknad vil seie i praksis***

### ***God praksis:***

Skulen har arbeidd med temaet over tid, og det er utarbeidd eit notat om kva elevmedverknad er, korleis kollegiet ser på elevmedverknad og eit framtidsbilete. Den eksterne vurderinga som også står på utviklingsplanen, er ein del av arbeidet med temaet.

### ***Praksis som kan bli betre:***

Lærarane seier at dei jobbar med å få ei felles forståing og at dei er på veg for å finne ut kva det vil seie i praksis. Leiinga svarar at det endå ikkje er ei felles oppfatning av kva elevmedverknad vil seie i praksis. Lærarane meiner at elevmedverknad betyr at elevane skal delta i avgjerder som gjeld læring og trivsel, både for kvar einskild og for gruppa.

Foreldra meiner at det vil seie at elevane vert høyrde og tekne på alvor. Og at dei får vere med å påverke i kvardagen, både miljø, sosialt og i undervisninga.

Dei fleste elevane meiner at elevmedverknad er å få vere med å bestemme både i forhold til miljø og undervisning. At dei vert involverte i saker som har med dei å gjere. Dei meiner det skjer til ein viss grad, ikkje därleg, men ikkje bra heller. Nemner også at det handlar om å bli sett og teke omsyn til. At dei får bestemme saman med vaksne. Også syn på at dei får vere med å bestemme ein del, vore med å få til fotballbane - og planar for andre delar av uteområdet (Haugen).

### ***2. Det er lagt til rette for refleksjon over praksis, og vedtekne endringar vert følgde opp***

#### ***God praksis:***

Skulen har etablert faggrupper i faga norsk, matematikk og engelsk der også assistentane er med og dei er på tvers av årsstega. Gruppene har til tider fungert bra. Skulen har brukt felles møtetid til faggruppene, og tid ligg i bolkar gjennom året. Gruppene er arena for refleksjon og erfaringsutveksling.

#### ***Praksis som kan bli betre:***

Leiinga arbeider med å få etablert ei teamleiargruppe og bruke denne meir i utviklingsarbeidet. Tenkjer også å nytte kollegarettleiring for å utvikle praksis. Dei ser det som viktig at lærarane får meir innsyn i kvarandre sin praksis. Det er mykje god undervisning, men lærarane veit ikkje heilt om kvarandre, seier leiinga. Kollegarettleiring kan også gjere til at ein får meir lik praksis på kommunikasjon med både foreldre og elevar.

### ***3. Skulen følgjer systematisk opp resultatet av elevundersøkinga***

#### ***God praksis:***

Lærarane seier at skulen i stor grad har fylgd opp resultatet av elevundersøkinga. Det har vore felles gjennomgang av hovudresultat. Det er valt ut fokusområde som teama har jobba meir med. Om korleis få ei endring. Dette er gjort både med elevar og foreldre. Den eksterne vurderinga er ein del av det systematiske arbeidet. Skulen hadde workshop for 7.-10.trinn med både elevar og lærarar der utvalde tema vart gjennomgått.

#### ***Praksis som kan bli betre:***

Det manglar noko på at skulen formidle konklusjonar attende til elevar og foreldre. Lærarar meiner det er viktig å halde fram med å presentere og drøfte elevundersøkinga med elevar og foreldre.

*Ungdomsrådet i kommunen og elevrådet kommuniserer godt og begge råda lagar tidleg eigen møteplan for året*

**God praksis:**

Både elevane, lærarane og leiarane seier at elevrådet no fungerer godt. Elevrådet har plan for møta og har sett opp postkasse der elevane kan putte forslag og idear. Det er etablert ungdomsråd i kommunen med to ungdommar frå kvar av dei fire skulekrinsane.

Representantar for ungdomsrådet var viktige då kommunen løyvde midlar til å få gjort noko med uteområdet ved skulen.

På kommunen si heimeside står det at representantane til ungdomsrådet skal veljast frå elevråda og skal fungere som bindeledd mellom desse og den politiske leiinga.

Ungdomsrådet er høyringsinstans i politiske saker som vil påverke ungdomstilhøve i kommunen. Rådet kan fremje saker til kommunestyret. Rådet tildeler kulturmidlar og er medarrangør av Ungdommens kulturmönstring og administrerer transportmidlane. Rådet har i snitt 1-2 møte kvart semester og medlemmene vert valde for to år.

**Praksis som kan bli betre:**

Det er ingen som veit noko sikkert om det er kontakt mellom elevråd og ungdomsråd og kva ungdomsrådet gjer og kven som eventuelt fylgjer opp frå skulen si side. På kommunen si side er ungdomsrådet presentert, men det er ikkje nokon møteplan eller ein konkret plan for arbeidet deira.

## 7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Ide
Informasjonsflyt om elevrådsarbeid	Møteinkalling og saksliste til elevråd og referat er del av informasjon til lærarane, slik at dei kan hjelpe elevane med før og etterarbeid i klassane
Tilbakemelding på forslag og innspel	Rutinar og reglar for tilbakemelding på saker som vert teke opp av elevar og foreldre, som gjeld miljø og undervisning.
Arbeid med overordna del og nye fagplanar	Knyte arbeidet med elevmedverknad til arbeidet med å implementere overordna del og nye fagplanar, særleg arbeidet med djupnelæring og tverrfaglege emne.

## 8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på skuleeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal skulen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast. Høgskulen på Vestlandet (Sogndal) har delvis delteke på vurdering og vil også vere med på oppfølgingsmøte. Høgskulen skal følgje opp og støtte skulen i det vidare utviklingsarbeidet.

Gjennom rapporten skal skular rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til skulane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert rektor. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

### Skule og dato

Åsmund Berthelsen

Anne Erstad

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

## Vedlegg:

### Deltakarar i vurderinga

Interne: Kontaktlærarane, einingsleiar og avdelingsleiar, foreldre (28 møtte på foreldremøte), fire elevar frå kvart av årstegna, heile elevrådet og kontaktlærar for elevrådet.

Eksterne: Vurderarane: Åsmund Berthelsen og Anne Erstad. Eirik Jenssen frå Høgskulen på Vestlandet deltok som observatør måndag den 27.1.

### Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med rektor fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og tre dagar på skulen. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummering.

### Framdrifts - og vekeplan

#### **Vurdering - Eivindvik skule- veke 5- 2020 (27.-29.januar)**

**Veke 2:** Utveksling av framlegg til framtidsbilete.

**Veke 3:** Førebuingsmøte onsdag 15.januar: Åsmund Berthelsen deltok.  
Drøfting av framtidsbilete mellom vurderarar og skulen.

**Veke 4:** Godkjenning av framtidsbilete (einingsleiar)  
Utarbeidning av samtaleguida innbyding (vurderarane)

**Veke 5: Vurderingsveka:**

##### **Måndag 27.januar:**

08.00 Vurderarane møter dei tilsette. Kort orientering om arbeidet, informasjon, spørsmål

09.00 - 14.30

Samtalar med elevar i grupper.

Observasjon

Samtale med kontaktlærar for elevrådet.

14.40 - 16.00: Møte med kontaktlærarane. Arbeid i grupper.

18.00: Foreldremøte. Arbeid i grupper.

##### **Tysdag 28. januar:**

09.00 - 13.30: Samtale med elevgrupper. Observasjon

13.30 Møte med elevrådet  
14.40 - 16.00 Samtale med leiinga (einingsleiar og avdelingsleiar)

#### **Onsdag 29.januar:**

08.00 - 12.30. Arbeid med rapport. Gjere vurderingar og skrive.  
12.30 Førebels rapport levert til einingsleiar  
14.30 - 15.30 Presentasjon av ferdig rapport for personalet, repr. for kommunen, rep. for foreldre, rep. for elevar.

#### **Veka 9: Oppfølgjingsmøte**

Onsdag 11.mars kl. 14.40. Leiing, lærarar, assistenter, kommunalsjef, rep for FAU, elevråd HVL deltek.

#### **Metodar**

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema/påstandsskjema, individuelle og gruppessamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nyttta: Dokumentanalyse, samtalar/møte med elevar, lærarar, leiing og foreldre og observasjon

#### Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i skulen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid

#### **Samtaleguidar og skjema**

#### ***Spørsmål til foreldremøte Eivindvik 27.1.2020***

**Start:** Kva legg de i elevmedverknad?

**1. Foreldra og skulen kommuniserer/har ein god dialog slik at foreldre/føresette får høve til å kome med innspel som gjeld deira eigne born eller grupper av elevar.**

Korleis kommuniserer de med skulen?

Kjem de med forslag/innspel? Og korleis vert desse møtt?

**2. Foreldra vert informerte om gjennomføringa av elevundersøkinga og er med på å drøfte og følgje opp resultata.**

*Korleis vert de informert om resultatet av elevundersøkinga?*

*Korleis er de med å drøfte og følgje opp resultata.*

**3. Foreldra påverkar skulekvardagen gjennom  
dei kanalane dei har: klasseforeldremøte -  
FAU – SU. osv.**

*Korleis blir de involvert i læringsarbeidet til elevane dykker?*

*Korleis vert de involvert i arbeidet med klasse- og skolemiljø?*

*Korleis fungerer FAU? Og SU?*

**4. Skulen lyttar til enkeltforeldre og gir  
dei høve til å medverke**

*Opplever de at skulen lyttar til dykk som enkeltforeldre når de tek opp saker?*

*Får de høve til å medverke på nokon måte, som enkeltforeldre?*

*Og korleis?*

**Avslutning:** Har de andre ting de vil ta opp under temaet elevmedverknad?

**Spørsmål til lærarane på fellesmøte 27.1.2020**

**Kvalitetsmål:**

Lærarane fremjar kommunikasjon og samarbeid som gir elevane mot og tryggleik til å ytre eigne meningar og til å seie ifrå på vegner av andre. Lærarane motiverer alle elevar til å bli deltagande menneske i skule og samfunn!

**1. Det vert lagt til rette for at elevane har  
reell medverknad i undervisninga.**

*Korleis legg de til rette for at elevane kan medverke både i planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga?*

**2. Elevmedverknad er eit fast punkt i  
planlegging av undervisninga.**

*På kva måte gjer de det?*

**3. Innspel og forslag frå elevane vert tekne  
på alvor og følgde opp saker som opptek dei.**

*Er elevane aktive med å ta opp saker? Og kva type saker?*

*Korleis følgjer de opp saker som elevane tek opp?  
Får dei tilbakemelding?*

**4. Klassane får tid til å drøfte og ta opp saker som opptek dei.**

*Korleis legg de til rette for at elevane kan ta opp saker?*

**Kvalitetsmål:**

**Organisasjonen** er ein lærande organisasjon som har evne til å utvikle, endre og forbetre eigen praksis.

**1. På skulen er det ei felles oppfatning av kva elevmedverknad vil seie i praksis.**

*Formuler kort kva denne oppfatninga er.*

**2. Det er lagt til rette for refleksjon over praksis, og vedtekne endringar vert følgde opp.**

*Korleis er det lagt til rette og korleis veit de at vedtekne endringar vert følgd opp?*

**3. Skulen følgjer systematisk opp resultatet av elevundersøkinga.**

*Korleis gjer de det?*

**4. Ungdomsrådet i kommunen og elevrådet kommuniserer godt og begge råda lagar tidleg eigen møteplan for året.**

*Kva kommunikasjonskanalar/møtepunkt nyttar ein?*

**Spørsmål til elevgrupper i samtalar 27. og 28. januar**

**1. Elevrådet jobbar med eigne initiativ og saker som vert fremja for rådet.**

*Kjenner de til kva elevrådet arbeider med?*

*Tek de opp saker i elevrådet?*

*Får de tid til å drøfte og ta opp saker som de er opptekne av*

*Får elevane tid til å drøfte saker til elevrådet på klassane? Får de tilbakemelding etter møta?*

**2. Elevane er med på å lage klasseregler og andre reglar som gjeld deira skulekvardag. T.d.. timeplanen**

*Er de elevar med på å lage reglar for korleis de vil ha det i klassa/gruppa?*

*På kva måte er de med?*

*Er de med på lage andre reglar som gjeld skulekvardagen?*

**3. Elevane deltek i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.**

*Er de elevar med på å foreslå korleis de skal arbeide i faga?*

*Årsplanen? Vekeplanar?*

*Val av oppgåver? Arbeidsmåtar?*

*Korleis deltek de i gjennomføringa av undervisninga?*

*Individuelt eller i grupper/heil klasse?*

*Får de foreslå å velje arbeidsmåtar i ulike fag?*

*Korleis deltek de i vurdering av opplæringa? Individuelt, grupper, klasse*

**4. Skulen legg til rette for at elevar deltek i**

**avgjerde som gjeld læring.**

*Får de elevar vere med på utvikle kva som vert vurdert og vurderingsformer (korleis de vurderer)?*

*Snakkar de med lærarane om korleis de lærer?*

*Kva meiner de elevmedverknad er?*

*Har de andre ting de vil ta opp. Noko vi ikkje har spurt om?*